

Rådsmøte Nedstrand Bygdeutval 22/11-18

Ingeborg leier møtet, og informerer om bakgrunnen for at me har eit rådsmøte. Gjester er den nye rådmannen, Sigurd Eikje, samt Anne Stødle og Tormod Baustad frå Nedstrandsvekst. 28 personar inkludert styret tilstades.

Prioriterte saker:

Til eikvar tid har det vore store saker som har opptatt oss, ungdomsskulen, Himakånå, ferje- og hurtigbåt, områdeplan og miljøgate Stranda. Det er utfordrande at mykje av møtevirksomheten foregår på dagtid.

Ferje - og hurtigbåt:

Det er utfordrande å bli høyrte når me ikkje bur på ei øy. Ferja er viktig for bygda på mange måtar, næring, turisme, miljø mm. NBUV har vore på møter i ulike foraer, ynskjer å få vere med og påvirke, men opplever ikkje å bli tatt med på laget. Det er krevande saker.

Forslaget frå Samferdselutvalget i juni, er ikkje til vår fordel, med ei lita ferje og dårlege tider. Det skal vere eit møte med Kolumbus i Stavanger 3/12, der ordførar og Anette Sæther samt representantar for Bygdeutvalet skal reise. Det blir jobba med lobbyering, skriving av forslag mm. Me prøver å få omgjort forslaget frå juni, og vil at ferja frå Finnøy skal gå innom Nedstrand-Foldøy-Hebnes på dagleg basis. Kjell Larsen, Ivar Andersen, Arve Nesheim-Hauge og Odd Harald Kvam er ressurspersonar, og hjelper oss med desse sakene. Ein har laga eit forslag for å "pynte på" ferjeruta til Kolumbus, men det er heller ikkje eit fullgodt alternativ.

Harald Stakkestad(H) som sit i Samferdselstutvalget i Fylket utfordrar oss til å tenke kva som er viktigast for oss; ferje eller hurtigbåt? Dei fleste er enige i at det er to heilt ulike ting. Kanskje hurtigbåten oppleves som viktigast for oss som bur her, men ferja er svært viktig for at samfunnet rundt oss skal fungere. Kva med Nasjonal Sykkelveg? Og om politikarane vil satse på kollektivtrafikk(miljø), kan dette vere rett veg å gå?

Når det gjeld hurtigbåten; det blir kutta i overføringane til Fylket. Me har levert eit høyrings svar til Samferdselsutvalget. Her står det at det ikkje må reduserast, men heller styrkast. Nedstrendingane har kome med innspel på kva ruter ein ønsker seg her, blant anna pendlarrute.

Det ser umiddelbart ikkje så farleg ut i høringen for vår del, før ein finles det og ser at ein kan vurdere å legge ned Nedstrand på sikt.

Sauda/Suldal har jobba med ein konsulentrapport, me er skuffa over at me ikkje er tatt med på dette. Me ser at det er viktig å samarbeide med naboar om dette.

Kuttforslaga frå Samferdselssjefen blir sendt ut på ei brei høyring til alle kommunane.

Nedstrandsvekst

NBUV har jobba mykje med dette, før stiftinga blei oppretta. Så kom Leif Grindheim, og gjorde eit flott stykke arbeid. Me har vore utålmodige, og følt at det har gått sakte, men dette har vore arbeid som har måtta ta litt tid. Me har fått stiftingskapital og styre på plass. NBUV har òg gått inn med 50 000. Både privatpersonar, kommunen, virksomheter har gått inn med midler her. Grunneigar syns det går sakte med vegen.

N-vekst informerer om arbeidet lengre ute i møtet.

Områdeplan Stranda

Kan vedtak på områdeplanen komme ut på våren -19? Rekkefølge for områdeplan og miljøgateprosjektet har vore ein utfordring. Det er eit inntrykk at det er vanskeleg for folk flest å skille dei to ulike sakene. NBUV snakkar mykje med Vegvesenet og kommunen, og fungerer som ein slags mellommann. Me har lagt ut høyringsuttale om miljøgata og anna info på sosiale medier(FB). Det er krevande å planlegge med meir fellesarealer i et tett område som Stranda.

Miljøgate Stranda

Historikk: det blei utarbeida ein Strandutviklingsplan ifm med tollboden, toaletter mm. Miljøgata er ein videreføring av dette, og nå kan ein kanskje sjå enden på dette planarbeidet.

Trafikksikkerhet mellom dei to butikkane er eit av hovudmåla. Korleis skal dette sjå ut? Det er planlagt med ein kjørebane, og eit gangfelt på kvar side. Det beslaglegg ein god del privat areal, og begrenser parkeringsplasser. Det stilles spørsmål ved kor fornuftig det er med ein kjørebane. NBUV har bl.anna foreslått å klare seg med eitt gangfelt. Ein er òg bekymra for særpreget til Stranda, det er viktig med vern av bygningar og miljø.

Ein opplever at få av argumenta blir tatt hensyn til. Er me for kritiske?

Det er gjort funn av kvikkleire, og dette kan kanskje få økonomiske konsekvenser.

Nokre nevner på ein fråflyttingseffekt på indre Stranda, pga tungvint og smal veg. Nokre syns det er ein glimrande mulighet til å forskjønne området, men dei konkrete tiltakene må vurderast nøye.

Parkeringsplasser er ein stor utfordring, Arve mister 13 parkeringsplasser dersom planen går gjennom, det vil fungere dårleg. Folk er opptatt av at det skal fungere i kvardagen for dei fastbuande.

Rådmannen meiner at det er naturleg at ein må avgi privat grunn viss ein skal få til ein miljøgate gjennom trange Stranda. Men at det går an å seie nei til planen.

Nedstrand info

Det er gjort eit godt arbeid med å flytte nettsida til ny plattform, og bygge den om til å bli meir brukarvennlig. Oskar Lie har designa den nye sida, og Ingvild Myklebust er redaktør.

Innspel:

Fleire kan melde inn arrangementer.

Positivt at den er brukarvennlig og flotte bilder.

Er sida nok kjent? Kan ein profilere den meir?

Bygdeutvikling:

Me ønsker eit langsiktig prosjekt for at folk skal oppdage Nedstrand, slå seg ned her. Janne Eide frå NBUV er begynt å jobbe litt med dette.

Det er mulig å jobbe på Nedstrand og jobbe ut mot verda. Det finst ein del sjølvstendig næringsdrivande her, men alle kjenner nok ikkje til kvarandre. Kan det vere aktuelt med eit næringsforum? Vite om kvarandre, profilere kvarandre, utveksle erfaring, invitere inn folk som inspirerer, samlingar. Ein kan stå sterkare saman. Er dette interessant for andre?

Nedstrandsvekst tenker at dei er sentrale i eit sånn samanheng. Innspel på at det ikkje er nødvendig å gjere det så formelt. Innspel på at mange har heimekontor og at det hadde vore fint med ein møteplass. Folk er positive til eit næringsforum.

Ein søkte om midler til Bolyst då kulturkafeen Hvelvet eksisterte, og kom på ein andre plass etter Utsira. Me har ein visjon og lyst til at fleire skal slå seg ned her. Dette vil me jobbe vidare med.

Samarbeid med kommunen

NBUV har tett kontakt og faste møter med ordfører, og administrasjon. Det er eit ønske om eit samarbeid rundt det langsiktige, saman med kommune, og nabokommunar.

Nedstrandsvekst

Blei sett ned i juni, mykje har skjedd. Det juridiske måtte på plass først, ein har måtta sjå på forretningsplan blant anna. Himakånå er det viktigaste ein skal jobbe med til å begynne med.

Kva vil me, og kva er ambisjonane våre? Viktig med info ut til bygda òg, kva ein driv med.

Anette og Leif har vore gode å ha ift alt det formelle, og å komme igong.

Det har òg vore krevande å lande finansiering. Startkapital på plass, har søkt

Sparebankstiftelsen og SR-bank har gått inn med 250 000. Treng ein del garanti for å søke om spillemidler. Forretningsplan er nødvendig for å søke Innovasjon Norge om midler til dagleg drift. Signaler frå Innovasjon Norge er positive. Ein begynner å få mykje på plass. 14/1 ynskjer ein å kunne søke om tippemidler. Ein treng garanti for 3,4 mill.

Parkering var eit strakstiltak og det ligg nå ein del pengar som skal fordelast, ca 160 000. Her er det nok meir potensiale. Ein hadde eit par ungdommar gåande der i sommar, for å få fleire til å betale.

Haugaland Kraft saman med kommunen kjem med ein målar ganske snart, slik at ein kan få ei oversikt over kor mange som faktisk besøker Himakånå.

Rådmannen

Rådmannen takkar for invitasjonen, han presenterer seg og fortel litt om Havbruksfondet, eldrebølga som kjem og behovet for ein frivillighetsplan.

Ref. Inger Johanne S. Monstad